

ESBL-screening

Analysemetode

Bakteriologisk dyrking og resistensbestemming.

Indikasjon

Noverande indikasjonar for ESBL-screening i Helse Førde er pasientar som vert overflytta direkte frå sjukehus utanfor Norden, særleg dersom dei har sår med sekresjon, har vore intensivbehandla, behandla for brannskadar eller gjennomgått operative inngrep (Helse Førde: Sjå [Hygienehandboka](#)).

Prøvetaking

Penselprøve frå rektum med pensel (penselen må være synleg farga av avføring) som setjast i vanleg bakteriologisk transportmedium (Amies transportmedium). Same pensel kan nyttast til [VRE-screening](#).

Merk remissen tydeleg med problemstillinga, t.d. "Pasient som har vore innlagt i ESBL-screening".

Prøvetakingsutstyr

Vanleg bakteriologisk transportmedium:

Tjukk pensel:



eller tynn pensel:



Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

3 døgn. Eldre prøvar vurderast.

Vurdering i laboratoriet

Ved vekst av Gram-negative stavar som ved screening er resistente mot 3. generasjons cefalosporinar og/eller karbapenemar, vil desse bli nærare karakterisert med omsyn til identifikasjon og resistensmønster. Dette kan ta fleire dagar.

Ekstendert Spektrum BetaLaktamase (ESBL) er ei stor gruppe resistens-enzym hos Gram-negative stavbakteriar med ulik evne til å bryte ned cefalosporinar (cefotaxim og ceftazidim) og i nokre tilfelle også karbapenemar (meropenem, imipenem). ESBL-produserande isolat tilhøyrer gjerne bakterieklonar med stort potensial for kolonisering og spreing mellom menneske. ESBL-førekomsten er stigande i Noreg.

Alt etter kva resistensenzym som føreligg, delast ESBL inn i ESBL-A, ESBL-M, og ESBL-CARBA. ESBL er omfatta av særlege hygienetiltak i sjukehus, litt avhengig av korleis undertype som føreligg.

Forventa analysetid

Prøven svarast ut etter 1, sjeldnare 3-5 virkedagar.

Feilkjelder

Ikkje representativ prøve.

For lang transporttid.

Utførast av

Bakteriologisk fagområde

Fagområde

Bakteriologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema HF 1084

Skjema HF 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

16.10.2018 Karina Astrup